



HKH

RUS BLANT UNGDOM PÅ BØMLO 2017

Ei hurtigkartlegging av rusituasjonen blant ungdom på Bømlo gjennomført av Bømlo kommune med rettleiing frå KoRus Vest, Bergen ved Stiftelsen Bergensklinikkene

TUSEN TAKK!

Tusen takk til alle bidragsytarar frå offentlege tenester, lag og organisasjonar, unge og vaksne som har delt sin kunnskap og bidrege til denne rapporten!

KARTLEGGINGSTEAMET

Kartleggingsteamet blei vald ut av styringsgruppa og har bestått av representantar med god kjennskap til rus- og ungdomsmiljøet på Bømlo. Dei som sat i kartleggingsteamet er:

Stian Olderkjær	- SLT-koordinator	- Leiar for kartleggingsteamet
Marianne Undheim	- Los, Barne og familietenesta (BFT)	- Skrivar av rapport
Elisabeth Bakke	- Samhandlingsansvarleg BFT, Los	
Joan Toftegaard Hansen	- Rusvernkonsulent, NAV	
Øyvind Marsteen	- Psykiatrisk sjukepleiar, Skulehelsetenesta	
Silje Midtbø Økland	- Rus og psykisk helseteneste	

HURTIGKARTLEGGING MED HANDLINGSPLAN

Denne kartlegginga har blitt gjennomført under rettleiing frå Else Kristin Utne Berg og Liv Flesland frå KoRus Vest, Bergen ved Stiftelsen Bergensklinikkene



INNHALD

5	BAKGRUNN FOR KARTLEGGINGA
6	HKH-METODEN
7	HKH-PROSESSEN
9	1. FUNN RELATERT TIL PROBLEMOMRÅDET
9	1.1 TYPE RUSMIDDEL
9	1.1.1 ALKOHOL
10	1.1.2 CANNABIS
10	1.1.3 ECSTASY/MDMA
11	1.2 KVAR FÅR EIN FATT I RUSMIDDEL
11	1.3 KVA BAKGRUNN HAR DEI ...
12	1.4. RUSENS MØNSTER
13	1.5 UNGDOMSMILJØET PÅ BØMLO
14	2. FUNN RELATERT TIL PÅGÅANDE INNSATS
14	2.1 KUNNSKAP
14	2.2 FRITIDSTILBOD
15	2.3 TENESTER
18	2.4 KORLEIS HANDTERER EIN UROSAKER
21	3.0 HANDLINGSPLAN
25	BIBLIOGRAFI

BAKGRUNN

«Korleis er rusmiddelsituasjonen blant ungdom i risiko i Bømlo kommune og kva innsatsar har kommunen for å møte rusmiddelproblematikk i ungdomspopulasjonen?» Dette er spørsmåla som kom fram då fagpersonar, tilsette i offentlig, privat og frivillig sektor, vaksne og ungdom samla seg for å drøfte temaet «ungdom og rus» i Bømlo kommune januar 2017.

Dei ulike fagområda som jobbar med ungdom og unge vaksne i Bømlo kommune, gav uttrykk for at det er manglande kunnskap om omfanget av rus blant ungdom i kommunen, då spesielt narkotika. Det vart ytra uro til den manglande kunnskapen både frå ruskonsulentane til NAV og frå politiet.

For å kunne seie noko om tilhøva i Bømlo kommune, var det viktig at ein fekk kunnskap og konkrete tal. Det er viktig at det arbeidet kommunen gjer er basert på denne kunnskapen. På bakgrunn av dette blei det vedteken i politirådet til Bømlo kommune at det skulle gjennomførast ei lokal kartlegging av rusbruken blant ungdom i kommunen.

Det vart oppretta ei kartleggingsgruppe der ulike tenester i kommunen deltok. Då det er fyrste gongen kommunen gjennomfører ei kartlegging på denne måten, valte kartleggingsgruppa å nytte metoden **Hurtigkartlegging og handling** (HKH). Dette på grunn av at kommunen får nytta seg av gode ressursar frå KoRus Vest, som har vore med på å utvikle HKH metoden tilpassa norske forhold. HKH-metoden er eit nyttig verktøy når det gjeld å gjennomføre raske og systematiske kartleggingar. Vidare kan den bidra til at hjelpeapparatet og andre aktuelle instansar vert meir treffsikre når det gjeld iverksetjing av tiltak.

”
Kunnskap kan vere to ting; Det vi veit og det at vi veit kvar vi kan lære det vi ikkje veit.

Samuel Johnson

HKH-METODEN

KARTLEGGINGSMETODE

HURTIG KARTLEGGING OG HANDLING (HKH) ER EIN KARTLEGGINGSMETODE UTVIKLA AV VERDENS HELSEORGANISASJON, SOM KOMPETANSESENTER RUS (KORUS) VEST, BERGEN VED STIFTELSEN BERGENSKLINIKKENE HAR TILPASSA PRAKTIKARAR OG NORSKE FORHOLD.

Metoden er god å nytta for å kartlegga marginaliserte grupper, særleg i arenaer og miljø der hjelpeapparatet normalt har lite innsyn. Den aukar moglegheitene for å klargjera eitt eller fleire problemområde og skal resultera i konkrete forslag til handtering av desse. HKH bygger på ein metodikk der både fagfelt, personar i målgruppa og aktuelle nøkkelinformantar med særskild kjennskap til temaet eller målgruppa, bidreg med sin kunnskap og erfaring (Berg og Flesland 2014, s.5).

Ved å nytta eksisterande data i kombinasjon med nye undersøkingar, kartlegg ein identifiserte problemområde. Dette skjer parallelt med at opplysningar om dei ulike instansane sin pågåande innsats vert innhenta. Analysen vert gjennomført ved metodetriangulering. Når ein nyttar HKH-metoden inneber metode-trianguleringa å innhente informasjon frå personar i målgruppa, andre instansar som har kjennskap til og/eller kontakt med personar i

målgruppa, statistiske data, regionale og nasjonale rapportar og ungdomsundersøking (Berg og Flesland 2014, s.5 og 27). Dette betyr at funn vert identifisert på grunnlag av gjentekne treff i ulike kjelde-data. På bakgrunn av funn og samanfatta data, presenterer ein forslag til tiltak og handlingsplan.

Metoden sin validitet baserer seg nett opp på kombinasjonen av kvantitative og kvalitative metodar. Innanfor same kartlegging gjev det kartleggingsgruppa høve til å kryssjekka moglege funn. HKH-metoden gjev ikkje vitskapeleg perfektjon, men målet er god nok kunnskap til å kunne komma med konkrete forslag til handling (Berg og Flesland 2014, s.5).

Tid og ressursar gjer at moglegheitene for å kartlegge alle personar og instansar som kan ha kjennskap til problemområde er avgrensa. Kartleggingsteamet har difor nytta eit utval personar som er teoretisk representativt (Berg og Flesland 2014, s.25).

HKH-PROSESSEN

BEHOV/FØRESPURNAD




Gjennomføre den innleide konsultasjon




Utvikle prosjektplan


Etablere styringsgruppe





Kartlegge problemet generelt og lokalt



Kartlegge pågående innsats



Analyse - finne "hol"



Gjennomføre den avsluttende konsultasjonen



Skrive rapport og handlingsplan

STYRINGSGRUPPA

Målet med styringsgruppa er å sikre lokal deltaking, eigarskap og engasjement. Styringsgruppa har blitt leia av kommunalsjef for oppvekst, kultur og idrett, og har hatt representantar frå barnevernet, oppsøkjande ungdomsarbeid, NAV, rus og psykisk helsetenesta. Styringsgruppa har hatt to møter i kartleggingsperioden og blitt informert om progresjonen av kartlegginga under vegs. Styringsgruppa har og godkjend rapporten og tiltaksplanen.

INNLEIANDE OG AVSLUTTANDE KONSULTASJON

Ungdom og personar som er i kontakt med ungdom i Bømlo kommune gjennom sin jobb, eller frivillig engasjement, blei invitert til eit møte 18. januar 2017 i Bømlo kulturhus. Målet for dette møtet var å samle opplysningar om tema, for så å kunne komme fram til ei målsetjing for undersøkinga og å setje ned eit klarare mål om kva ein ville undersøkje. Dette møtet var «Innleiande konsultasjon» og det gjer kartleggingsteamet eit klarare grunnlag til å setje i gong med kartlegginga.

På innleiande konsultasjon møtte det 27 personar som representert 20 ulike kommunale og statlege instansar, politikarar, frivillige organisasjonar og ungdoms-råd og -klubb. Begge kommunalsjefane i kommunen deltok og på innleiande konsultasjon.

I den avsluttande konsultasjonen var det 25 personar som møtte opp, fleire av dei same som på den innleiande konsultasjonen. På dette møtet, som vart helde på Bømlo kulturhus 21. september 2017, blei deltakarane presentert med resultatet. Alle fekk moglegheit til å komme med kommentarar og moglege forslag til tiltak.

INNHENTING AV EKSISTERANDE KUNNSKAP OG MEDIESØK

Mediesøk, årsrapportar, prosjektrapportar, statistikk, forskingsrapportar og kommuneplanar er innhenta og analysert for å gje bakgrunnsinformasjon til kartlegginga, og for å underbygga funn.

INTERVJU TENESTER

Personar som kunne tenkjast å ha kunnskap om temaet og målgruppa i Bømlo kommune blei kontakta. Dei blei bede om å beskrive kva tilbod som blei gitt til målgruppa og kva som mangla av tilbod etter deira erfaring. I tillegg blei dei spurt om korleis eventuell samhandling rundt ungdom i målgruppa virka. Desse intervju blei gjennomført som standardiserte telefonintervju. 20 instansar bidrog med informasjon til kartlegginga.

INTERVJU MED NØKKELINFORMANTAR

Det blei gjennomført 13 semistrukturerte intervju med nøkkelinformantar. Dette er personar med god innsikt inn mot målgruppa i kartlegginga, enten gjennom si private rolle eller gjennom sin profesjon. Informantane representerer barnevern og andre kommunale tenester, politi, skule, foreldre, eldre ungdom og frivillige organisasjonar.

INTERVJU AV MÅLGRUPPA

Det blei gjennomført 8 semistrukturerte intervju av målgruppa. Desse ungdommane representerte alle dei ulike gruppene som blei identifisert som målgrupper etter innleiande konsultasjon.

UNGDOMSMØTE

Det blei gjennomført 3 ungdomsmøte, der representantar frå den generelle ungdomsgruppa var representert. Det var eit møte frå begge dei to vidaregåande skulane og eit møte ved Bremnes ungdomsskule.

F U N N

1.FUNN - RELATERT TIL PROBLEMOMRÅDET

1.1 TYPE RUSMIDDEL

1.1.1 ALKOHOL

Fram til 1960 var bruk av rusmiddel stort sett knytt opp til alkohol i Norge. Etter krigen var det ein jamn auke i bruken av alkoholhaldige drikkevarer. Frå slutten av 1980-talet har det vore ein nedgang i brennevinomssettinga, medan vinomssettinga auka. I dag blir det omsett mest øl og vin.

Det registrerte forbruket per innbyggjar over 15 år var på 6,06 liter rein alkohol i 2014. Dette er ein auke frå 1995, då forbruket låg på 4,8 liter per innbyggjar over 15 år, men ein nedgang sidan 2010 då det låg på 6,7 liter. Til samanlikning er det gjennomsnittlege forbruket for heile Europa 12,5 liter rein alkohol. Dette kan forklarast med vektlegginga av regulatoriske verkemiddel i alkoholpolitikken som avgifter, aldersgrense, monopolordning, sals og skjenkebestemmingar, reklameforbod, samt haldnings- og informasjons-tiltak (www.forsking.no).

Forsking på området viser at for dei aller fleste ungdommar i Norge er alkohol det første rusmiddelet ein forsøker. Ut frå denne kartlegginga ser ein og at alkohol er det mest brukte rusmiddelet blant ungdom på Bømlo. I følge målgruppa har alkohol vore mest utbreidd lenge, og lite tyder på at det vil endra seg. Ungdommane i målgruppa uttalar at det er eit stort bruk av alkohol i dei fleste ungdomsmiljø på Bømlo. Dette gjer at det er vanskeleg å få sosial innpass i ungdomsgjengar, dersom ein tek avstand frå alkohol. For nokre av ungdommane i målgruppa er fest den einaste arenaen der dei er sosiale på fritida og då går dei på utestadar eller heimefestar. Nøkkelinformantar rapporterer og om at dei kjenner til ungdom som sitt åleine å drikk. Ungdommane i målgruppa og i fokusgruppa seier at det er eit fåtal som drikk alkohol når dei går på ungdomsskulen, dei fleste byrjar å eksperimentere med dette når dei startar på vidaregåande skule. Dette er og støtta av Ungdata undersøkinga i 2016, der 6% av dei spurte på ungdomsskulen sa dei hadde drukke så dei følte seg rusa. I snitt svara 14% av ungdomsskuleelevane i Norge det same.

Forsking viser og at jo tidlegare ein debuterer med alkohol, jo større blir dei negative konsekvensane (forebygging.no). Nøkkelinformantar i kommunen er sannsynlegvis merksame på dette, då det i kart-

"Ut frå denne kartlegginga ser ein at alkohol er det mest brukte rusmiddelet blant ungdom på Bømlo."


legginga vert ytra uro ovanfor ungdom som debuterer tidleg med alkohol. Dei har kjennskap til tilfelle der barn ned i 12 års alderen eksperimenterer med alkohol. Dei er og uroa for at fleire føresette ikkje er klar over at ungdommane deira drikk. I følge Ungdata undersøkinga rapporterer 44% av ungdom på 1. trinnet på vidaregåande (16-17 åringar) at dei anten får lov til å drikk av foreldra (20%), eller at dei ikkje veit om dei får lov (24%). I følge forskning ser ein at foreldra har større påverking på ungdom og alkohol enn tidlegare antatt. For ungdommen er foreldra sitt ønske om at dei ikkje skal drikk alkohol, deira viktigaste grunn for å ikkje drikk. (Alvarado og Kumpfer, 2003). På Bømlo seier over 90% av ungdomane at foreldra er viktige førebilete for dei når det kjem til alkohol (Ungdata 2016). Over halvparten (54%) av ungdommen på 2. trinn på vidaregåande skule, seier at dei høyrer meir på foreldra enn på jamaldrande når det gjeld deira syn på rusmiddel. Om ein går nedover i alder, aukar dette til 69% på 1. trinn vidaregåande og 71% i 10. klasse på ungdomsskulen. Rundt 70% av ungdommen seier og at foreldra er naive når det kjem til ungdommen sin rusbruk.

1.1.2 CANNABIS

Cannabis er det mest vanlege illegale rusmiddelet som nyttast i Norge. Tal frå folkehelseinstituttet viser at 7% av skuleelevar i alder 9-16 år i Norge har brukt cannabis ein eller fleire gongar (fhi.no). EMCDDA¹ slår fast at cannabis er det illegale rusmiddelet som med stort sannsyn blir brukt av alle aldersgrupper. Vidare kjem det fram at dei som er i alderen 12-25 år er dei som er minst skeptiske til cannabis. Og dei aller mest liberale kjem frå familiar med god økonomi og høgare utdanning (forsking.no). Haldninga til cannabisbruk har endra seg mykje i Norge dei siste åra. Ungdommar i dag er langt meir liberale til cannabisbruk enn dei var for 15 år sidan.

Eit stort forbruk av cannabis har samanheng med auka tilgang til hardare stoff (Forsking.no). «Føre Var»-rapporten frå Bergen 2016 viste auke på tilgjengelegheit av cannabis (korusbergen.no). Dette viser og den siste Ungdataundersøkinga som vart

1 European Monitoring Centre for Drug and Drug Addiction



Utviklinga av alkoholforbruket etter alder for alkoholdebut. (Kilde: «Ungdom, livsstil og rusmidler»)

gjennomført på Bømlo vidaregåande i våren 2017, der det blir rapportert om ei auke i bruk berre det siste året. Der 3% av alle elevane på vidaregåande sa dei hadde prøvd cannabis ein eller fleire gonger i 2016, meldte 6% av dei spurte det i 2017. (Ungdata.no). Sjølv om det er ein fordobling i prosent, er det snakk om eit for lavt tal personar til at ein kan seie det er ei dramatisk auke.

I kartlegginga blir det rapportert, og frå andre kjelder, at cannabis er det mest anvendte ulovlege rusmiddelet på Bømlo, og at bruken er aukande. Politiet på Bømlo har uttalt det same i media (bomlo-nytt.no). I løpet av det siste året har det blitt avdekket fleire som har nytta cannabis, og så lavt ned som på ungdomsskuletrinnet. Målgruppa rapporterer også auke i bruk og tilgjengelegheit av cannabis pr. d.d. Det same gjer fleire av skulane, politi og barnevern.

I følge Ungdata 2016 rapporterer 33% av gutane og 27% av jentene i alderen 15-16 år i Norge at dei har blitt tilbudd cannabis i løpet av det siste året (Ungdata.no). HKH gjort i Stord kommune rapporterer at cannabis er lett tilgjengeleg i kommunen, men vert og kjøpt frå andre kommunar (stord.kommune.no). Blant ungdommar på vidaregåande i Bømlo i 2016 melder 13% (7% av jentene og 16% av gutane) av dei spurte at dei har blitt tilbode cannabis i løpet av dei siste 12 månadane, i 2017 svarte 17% (16% av jentene og 18% av gutane) av 2. trinnet det same. (Ungdata.no).

Ungdom på Bømlo nemner at haldningar rundt

legalisering av ulovlege rusmiddel, er ein årsak til eksperimentering med desse rusmidlane. Dette kjem og fram i forskinga innleiingsvis. Kartlegginga viser og at debutalder for bruk av cannabis er oftast 16 år og oppover i Bømlo kommune. Men politi og barnevern melder om enkelte saker der det er snakk om yngre ungdom.

1.1.3 ECSTASY/MDMA

Den europeiske skuleundersøkinga frå 2015, ESPAD, rapporterer 1 % av ungdommar i Norge å ha prøvd ecstasy/MDMA (fhi.no). Førre Var -rapporten frå Bergen 2016 viser auke i bruk av ecstasy/MDMA (korusbergen.no). På Bømlo vart det i Ungdata rapportert at 3 % av ungdommane på vidaregåande hadde prøvd ecstasy/MDMA i 2013, i 2016 var talet 1%, medan i 2017 var det att ein oppgang til 3 % (Ungdata.no). Det er så få som svarar på at dei har brukt ecstasy/MDMA at ein auke på to prosent i Ungdataundersøkinga ikkje kan sjåast som ei dramatisk auke. I kartlegginga kjem det fram at nøkkelinformantar og målgruppa kjenner til bruk av ecstasy/MDMA på Bømlo, men at det er lite utbreidd.

1.2 KVAR FÅR EIN FATT I RUSMIDDEL?

Fleirtalet av ungdommane som vart intervjuet i denne kartlegginga rapporterer at det er enkelt å få tak i rusmiddel, både lovlege og illegale. Dei blir tilbudd rusmiddel, anten på heimefestar eller i det offentlege rom. Dei får og tilgang til rusmiddel på Bømlo gjennom å «kjenne nokon, som kjenner nokon», som har tilgang på rusmiddel. Eller dei går

via venner, søsken eller sosiale media for å skaffe seg rusmiddel. Angående sosiale media er det «Snap Chat» og «Facebook» som blir nytta, i tillegg til at dei ringer med mobil.


Det er ingen som melder at dei får tilgang via foreldre. Dei som nyttar seg av sosiale media for å skaffe seg rusmiddel, bruker det for å komme i kontakt med kjøpar eller kjøpar sitt nettverk. Den fysiske overlevering av rusmiddelet skjer ansikt til ansikt med kjøpar og seljar, eller seljar og mellomledd. Funn frå kartlegginga viser at det er vaksne som sel til ungdom på Bømlo i den grad det skjer et sal i kommunen. For å finansiere rusbruk rapporterer målgruppa at dei jobbar eller nyttar seg av pengar dei har fått frå foreldre i andre samanhengar.

1.3 KVA BAKGRUNN HAR DEI SOM NYTTAR RUSMIDDEL?

Forskning peikar på at svake sosiale ferdigheiter, tidleg pubertetsutvikling samt å vere tilknytt anti-sosiale aktivitetar aukar risikoen for å utvikle eit rusproblem. Det er klar samanheng mellom tidleg rusdebut, rusproblem og psykiske vanskar (forskning.no). Forskning viser og at familiefaktorar som oppleving av aksept frå foreldra/søsken, eit høgt alkoholforbruk og rusbruk i familien aukar sannsynet for debut og auka forbruk (forebygging.no).

På den andre sida er det ein del faktorar som reduserer risikoen for å utvikle eit rusproblem, kalla beskyttande faktorar. Dei beskyttande faktorane er gode sosiale evner, emosjonell stabilitet og fleksibilitet. Ein veit at det å drikke alkohol gjev risiko for akutte skader, og at ungdom som byrjar å drikke tidleg, har i mange tilfelle eit åtferdsmønster der andre typar antisosial åtferd og bruk av tyngre rusmidlar inngår. Ungdom i ein sånn situasjon har gjerne meir trøbbel i sitt forhold til skulen og til foreldra. Dei gjer og meir kriminelle handlingar, har dårlegare psykisk helse og får oftare problem seinare i livet (Ungdata 2016, Nasjonale resultat, Anders Bakken).

På innleiande konsultasjon vart det ytra uro omkring elevar med høgt skulefråvær og ungdom som har droppa ut av skulen. I kartlegginga kjem det tydeleg fram at dei som jobbar med og rundt ungdom er godt kjend med dei negative konsekvensane av det å droppe ut av skulen, og dei er oppmerksame på elevar med høgt skulefråvær. Ungdom som ikkje fullfører vidaregåande skule har 21% høgare risiko for å seinare i livet bli ufør, viser ein studie frå NTNU (forebygging.no). Ein anna NTNU-studie (forskning.no) viser at ungdom som går tre år på vidaregåande skule, er mykje sjeldnare




Tal frå Ungdata-undersøkinga på Bømlo. Desse tala viser svara frå elevane i 2013 i mørkeblått.

kriminelle enn dei som ikkje fullfører. Eitt år mindre skulegang aukar sannsynet for å hamne i fengsel til omtrent det doble.

Ei anna gruppe ein var uroa for på innleiande konsultasjon er dei som debuterer tidleg med rus. Som tidlegare nemnt i denne rapporten, er det grunn til å være uroa for dei som debuterer tidleg med rus, då ein veit at dette kan ha samanheng med seinare rusproblem og psykiske vanskar. Informantar som jobbar med ungdom ser at dei som utviklar rusvanskar og psykiske vanskar har starta tidleg å eksperimentere med rus, og bekreftar at det som litteraturen stadfestar blir og sett i praksis her i kommunen.

Det å være med på sosiale aktivitetar blir trekt fram av nøkkelinformantar som svært viktig, då dei har sett negative konsekvensar av at ungdom er mykje åleine. Målgruppeungdommane seier at det ikkje er så mange andre tilbod enn å feste i helgene, for ungdom over 16 år. Dette kan tolkast til at det er eit behov for andre og meir varierte fritidstilbod for dei eldste ungdommane i kommunen. Frå forkinga si side har det lenge vore godt opplyst omkring dei fysiske

emiljø? (Andel «Minker statusen litt» eller



var på vidaregåande skule 1. og 2. trinn. Tal frå 2016 i lyseblått og

gevinstane kroppen får ved å være i fysisk aktivitet. Ut ifrå det psykososiale perspektiv ser ein at det å være aktivt medlem i ei sportsgrein, kan være med på å førebygge rusmisbruk.

Ungdommar med minoritetsbakgrunn, og nøkkelinformantar med stor kjennskap til dei, har blitt intervjuet i kartlegginga. Årsaka til at dette vart gjort er at det kom fram uro for desse ungdommane på innleiande konsultasjon. Ut frå kartlegginga tyder det ikkje på at det er noko større rusbruk blant ungdommar med minoritetsbakgrunn, enn andre ungdommar på Bømlo. I følgje ein rapport utgjeven av KoRus Oslo i 2008 og ein HKH gjennomført av Utekontakten i Bergen i 2012, brukar innvandrarungdom mindre rus enn norske ungdom. Dei peikar og på at det er viktig å hugse på at det er innvandrar frå mange ulike land og kulturar, så rusbruken variere i samsvar til kva kultur dei kjem frå. I denne kartlegginga fokuserte vi på ungdom som var knytt til det kommunale apparatet og ikkje alle ungdommar med innvandrarbakgrunn. Funn viser at det berre er eit fåtal ungdommar med innvandrarbakgrunn det er knytt ei uro til når det gjeld bruk av rusmiddel.

1.4 RUSENS MØNSTER

Sidan tusenårsskiftet er det ei gjengs oppfatning at ungdommane i Norge brukar mindre rus, dette blir støtta av tal frå Ungdata og andre undersøkingar gjort som er publisert av Bufdir. Dette er og gjeldande på Bømlo, der ein ser klare indikasjonar på Ungdatatala at ungdommen rusar seg mindre i 2016 enn i 2013.

Undervegs i kartlegginga har det dukka opp ein del nye saker i tenestene. I intervju med pågåande instansar blir det rapportert om eit aukande tal saker. Dette gjeld både skular, kommunale og interkommunale tenester. I nesten alle sakene det er rapportert om, er det cannabis som har vore brukt. Det er hovudsakeleg gutar, frå ungdomsskulealder og oppover.

Ungdom på Bømlo ruser seg i svært liten grad i vekedagar, og i den grad det skjer er det sårbare ungdommar som ønskjer å dempe psykisk ubehag. Kartlegginga viser at det er to grupper som skil seg ut angående årsak til rusbruk, den eine gruppa gjer det for å dempe psykisk ubehag og den andre for å eksperimentere. Om du går på vidaregåande eller på ungdomsskulen blir bruk av ulovlege rusmiddel akseptert ulikt, det er større aksept på vidaregåande. Ein ser og at dei som bruker ulovlege rusmiddel, spesielt cannabis, i ungdomsskulen gjer det i stor grad for å dempe psykisk ubehag.

Fleirtalet av ungdommar som nyttar rus, gjer det for å «sleppe seg laus», eller når dei er i settingar der det er ein forventning til at ein nyttar rusmiddel. Haldningar som går mot alminneleggjing av rusbruk er og ein årsak til at denne gruppa nyttar seg av rusmidlar. Eit mindretal i denne gruppa nyttar rus for å oppnå status eller bli ein del av eit fellesskap.

I kartlegginga viser det seg eit klart skilje mellom ungdommar i ungdomsskulen og ungdommar i vidaregåande skule angående rusbruk. Dei som nyttar rusmiddel i ungdomsskulen, blir i stor grad sett ned på og stigmatisert, det å røyke hasj er noko av det som minkar statusen i andre ungdom sine auger mest. På vidaregåande skule melder heile 75% av jentene og 67% av gutane at det minkar statusen litt eller mykje å røyke hasj. Det å drikke seg full minkar statusen bland 39% av jentene og 26% av gutane. I vidaregåande skule er det meir toleranse og aksept for personar som nyttar rusmidlar, enn ein ser i ungdomsskulen.

1.5 UNGDOMSMILJØET PÅ BØMLO

Ungdomsmiljøet på Bømlo er stort sett godt, trygt og inkluderende, men det vert hevda at ei gruppe sårbare unge ikkje opplever ungdomsmiljøet som godt.


På fritida driv dei fleste ungdommar med dataspeling, dei oppheld seg med vener eller familie, driv med trening på treningscenter eller spelar fotball. «Ten Sing» er og eit godt etablert og populært fritids-tilbod på Bømlo. Når det kjem til stader ungdom oppheld seg, er puben «Rett Vest»² og «Smak og behag», godt brukte samlingsplassar for ungdom over 18 år. Kjøpesenter blir og brukt som opphaldsstad for ungdom i Bømlo kommune. Yngre ungdom trekker også mot «Krøllo» (kunstgrasbane i sentrum), utanom organiserte treningstider, medan ungdommar frå vidaregåande skulealder av deltek mykje på heime-festar i helgane. At ungdom i denne alders-gruppa er mykje på heimefestar i helgar er informasjon som har komme frå veldig mange informantar i 3 av informantgruppene.

Mange av informantane rapporterer at dei synes det er lite bredde i fritidstilboda på Bømlo. Informantane fortel om eit stort og utbreidd tilbod til

informantane og målgruppa sjølv uttrykkjer eit stort sakt etter gratis fritidstilbod i kommunen. Mål-gruppe-ungdommen etterspør ein uformell og uforpliktande hengeplass. Ungdommane i fokus-gruppa etterspør rusfrie arrangement til ungdom frå vidaregåandealder og oppover. I følge Ungdata-tala ser ein at ungdom på Bømlo er veldig aktive i organiserte fritidsaktivitetar i ungdomskulen, men at på vidaregåande så fell dette betrakteleg. Spesielt gjeld dette blant jenter. Det er nok fleire grunnar til dette, men ein av grunnane er at det er lite variert tilbod, og i idrett så blir det stilt større krav jo eldre ein blir. Det bør og merkast at det er ei auke på vidaregåande i psykiske plager, spesielt blant jentene.

Nøkkelinformantar og informantar frå ungdomsmøta peikar på at det er manglande informasjon om fritids-tilboda i kommunen.

Nokre av ungdommane frå målgruppa seier at det kan være vanskeleg å få innpass i ungdomsmiljøet, i tillegg til at ungdomsmiljøet kan være prega av store mengder alkohol. Dei melder og frå om noko mobbing på Bømlo, noko som blir understøtta i ungdomsmøta og av nøkkelinformantar. I følge Ungdataundersøkinga ligg Bømlo på det same nivået på mobbing som resten av landet, der 7% på



Tal frå Ungdata-undersøkinga på Bømlo. Desse tala viser svara frå elevar på vidaregåande skule 1. og 2. trinn om fritida deira. Tal frå 2016 i lyseblått og 2013 i mørkeblått.

dei som driv med fotball, men ut over det er det lite variert idrettstilbod i dei ulike bygdene på Bømlo. Om det er eit attraktivt tilbod i ei bygd, seier deltakarane i den eine fokusgruppa at eit dårleg utbreidd kollektiv-tilbod i kommunen som årsak til at det ikkje blir nytta, då Bømlo er ein langstrakt kommune. Både nøkkel-

ungdomsskulen og 6% på vidaregåande rapportere at dei blir utsett for plaging/truslar/utfrysing minst ein gong kvar 14. dag på skulen. Målgruppa rapporterer vidare at mange får nye venner på vidaregåande, det kan være positivt på fleire områder.

2 Rett Vest har no skifta lokalar og namn til Main Street

2. FUNN - RELATERT TIL PÅGÅANDE INNSATS I BØMLO KOMMUNE

2.1. KUNNSKAP

Ut frå kartlegginga ser ein at det er eit breitt ynskje om meir kunnskap om rusmiddel og rusens konsekvensar frå alle informantgrupper i kartlegginga. Det vert etterspurd auka kunnskapsnivå hos tilsette i kommunen, men og kunnskapsformidling til ungdom og føresette.

På innleiande konsultasjon vart det etterspurt meir informasjon om bruk av ruskontrakt³. Nettopp lite informasjon om rusruskontrakt, stadar ein kan søkje hjelp, konsekvensar av å melde i frå og konsekvensar av å ikkje å melde ifrå om rusproblematikk, trur mange av dei deltakande på innleiande konsultasjon er årsak til at mange ungdommar med rusproblematikk ikkje får hjelpa dei treng

Nøkkelinformantar er bekymra for haldningar knytt til legalisering når det gjeld cannabisbruk hos ungdommen i dag. Dei meiner auka kunnskap må til for å få endra haldningar. På ungdomsmøta kom det fram at legaliseringsdebatten gjer at ungdom er meir opne rundt temaet. I 2016 gjorde Stord kommune ei kartlegging om bruk av cannabis blant ungdom og unge vaksne. Kartlegginga på Stord viste at ungdom som nyttar cannabis i all hovudsak søker etter kunnskap kring cannabis på internett og blant vener. Dei uttrykte ei uro for at ungdom søkte den informasjonen dei ville finne, noko som førte til at dei ikkje naudsynt fann korrekt informasjon. Dette kom og fram i ein artikkel frå Universitetet i York; den fann at nokre cannabisbrukarar har «omvendt ekspertise» når det gjeld cannabis. Det vil seie at dei ofte har ein meir oppdatert kunnskap enn hjelpeapparatet har, noko som gjer at tenestene ikkje er godt nok innretta på behova brukarane kan ha. I tillegg har det vert ei auke i etterspurnaden på hjelp, men det viser seg at ein ofte søker hjelp for andre problem som ein vanlegvis ikkje assosierer med cannabis, som for eksempel irritabilitet og dårleg impuls kontroll. Tenestene viser seg å ikkje vera tilstrekkeleg førebudd på å tilby effektive intervensjonar, då cannabis framleis vert sett på som eit «snilt» rusmiddel (Hamilton 2016).

³ Ruskontrakter er eit tilbod til ungdom som blir tatt for brot på narkotikalovgjevinga. Kontrakten er meint for ungdom opp til 18 år, men nokon stadar tilbyr ein og kontraktar til eldre ungdom

"Det er viktig å ha gode rutinar på plass for å følge opp unge som har eit gryande rusproblem. Fleire av tenestene i Bømlo kommune rapporterer om at dette manglar."

2.2 FRITIDSTILBOD

Folkehelsedokumentet til Bømlo kommune («Folkehelse i Bømlo kommune – Oversiktsdokument 2015/16»), syner at kommunen har mange lag- og organisasjonar ulik i storleik og aktivitet. For barn og unge er ein stor del av sosialt samvær på fritida knytt til organiserte fritidsaktivitetar. Tilgangen til ulike aktivitetar heng saman med fleire faktorar, mellom anna avstand frå bustad til aktivitetstilbod, økonomi, kollektivtilbod eller anna transportordning, helsetilstand med meir. Dei med dårleg fysisk og psykisk helse og/eller dårleg økonomi tek i mindre grad del i organiserte fritidsaktivitetar. Dette gjeld og barn i vanskelegstilte familiar.

Tilbodet er variert, alt frå idrettslag, aktivitetar i ulike kristne organisasjonar til fotoklubb og hobbylag. Mange lag og organisasjonar har deltakarar i alle aldersgrupper. Det er mange «søsterorganisasjonar» rundt om i grendene/lokalsamfunna, men det er ikkje alltid at ein samarbeider på tvers av lokalsamfunna.

Allereie i innleiande konsultasjon i kartlegginga vart ulike ungdomslag og organisasjonar satt søkelys på i høve deira førebyggjande effekt og kunnskap om ungdomsmiljøet på Bømlo. Undervegs i kartlegginga kom det og fram ytringar om manglande bredde i fritidstilboda for ungdommen. Ønske om større bredde i fritidstilbod har dukka opp hyppig frå alle intervjugrupper gjennom heile kartlegginga. Nøkkelinformantar har ein uro for at tilbodet blir mindre når ein kjem i vidaregåande skule alder. Både nøkkelinformantar, målgruppa og ungdomsmøta uttrykker eit ønske om ein samlingsplass for ungdommen. Målgruppa og nøkkelinformantar ønskjer eit tilbod som er gratis. Dei ønskjer ein plass der alle kan koma. Det er og etterspurd meir informasjon om eksisterande tilbod. Når det gjeld ønske om fritidstilbod som er gratis så er det aktuelt å sjå til Bremnes idrettslag. Dei har tilsett ein person som skal ha særleg fokus på integrering og barnefattigdom. Dei skal legge til rette for at alle barn skal få vere med i eit idrettstilbod (bomlo-nytt.no). Ein bør vurdere å sjå vidare på korleis denne stillinga er organisert og moglegheit for samarbeid med Barne- og Familietenesta.

I kartlegginga blei det spurt etter kva tilbod ein veit om eksisterer, kva tilbod ein veit blir brukt, og kvar ungdom oppheld seg. Det er ganske få tilbod som blir nemnd i kartlegginga. Det kan vere mange årsaker til at tilboda er lite kjende eller lite brukt. Det vert peika på av fleire at informasjon ut til befolkninga ofte kan være mangelfull. Ungdommen på Bømlo, både målgruppa og i fokusgruppene etterlyser rusfrie arrangement for ungdom i vidaregåande skule. Det er ingen av informantane som nemner kulturtilbodet me har i kommunen, heller nemner ingen kulturhuset som eit tilbod dei nyttar seg av. Ein veit og at for mange kan det være vanskeleg å vete korleis ein får innpass i ulike lag og organisasjonar og ein er usikker på korleis dei uskriven reglane er i dei ulike miljøa, og ein då kan lett velje å ikkje delta (Schaffer og Huang).

2.3 TENESTER

Bømlo kommune satsar på førebygging, noko ein ser i dei satsingane kommunen gjer. I tillegg til dei lovpålagde tenestene har kommunen prioritert fleire tidleg intervensjonssatsingar, som å bli ein «Tidleg inn kommune» samt å være med på BTI-satsinga⁴. I følge kommunen sin plan for fagområda psykisk helse og rus nyttar alle skulane på Bømlo rusførebyggjande program. Alle ungdomsskular rapporterer at dei har førebyggings- og haldningsprogram for elevane sine, men det er ulikt kva førebygging dei ulike ungdomsskulane har og kva fag dette blir lagt inn under. Vidare har Bømlo satsa på allment førebyggjande tiltak som det å bli ein «AV-OG-TIL»-kommune. Sidan 2013 har kommunen hatt ein person i stillinga kombinert SLT- og MOT-koordinator. Vedkommande skal være ein del av det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge (kommuneplan). Som eit pilotprosjekt får 9. trinn på ein ungdomsskule undervisning i faget «livsmeistring», som eit anna allment førebyggjande tiltak. Dette pilotprosjektet kjem i tillegg til eksisterande førebyggingsprogram på ungdomsskulane på Bømlo.

«Sterk og klar» er eit anna førebyggingsprogram som blir brukt i ungdomsskulen på Bømlo. Programmet er utvikla med tanke på å støtte og rettleie foreldre i å legge til rette for ei rusfri ungdomstid. I evaluering av programmet ser ein at dei ungdommane som har foreldre som har deltatt på dette undervisningsprogrammet har høgare debutalder når det kjem til alkohol. Det er uvisst om det skyldast

⁴ Tidleg Inn: eit opplæringstilbod til kommunane til alle som arbeider med gravide og småbarnsforeldre. BTI Står for «Betre Tverrfagleg Innsats» og er ein samhandlingsmodell som skal kvalitetssikra heilskapleg og koordinert innsats utan at det blir brot i oppfølginga av barn det er knytt ei uro til.

eigenskapar til foreldra som valde å delta på programmet, eller om det skyldast programmet i seg sjølv (Bareksten, Iversen og Skutle 2005).

Eit siste førebyggingsprogram som blir brukt i kommunen er eit undervisningsopplegg frå organisasjonen LIONS. Dei har er eit undervisningsopplegg som heier «Mitt valg». Dette opplegget har mykje av dei same måla som MOT; auka sjølvkjensle, få trening i å ta ansvar og avgjersler og sette seg mål. Det er grunn til å stille spørjeteikn ved bruk av dei førebyggjande programma, når det frå alle informantgrupper, unntatt målgruppa, blir etterspurt meir førebygging når det kjem til ungdom og rus. Det er viktig at det rusførebyggjande arbeidet i skulane er basert på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag. Det er og viktig at arbeidet blir samkøyrtd, slik at det ikkje er ulikt fokus på rusførebygginga mellom dei ulike skulane. I nasjonal og internasjonal forskingslitteratur vert det framheva det at skulen bør ha ein sentral, aktiv og integrerande rolle i det førebyggjande arbeidet (forebygging.no). Grunngevingar for dette er blant anna at skuleinstitusjonen etablerer rammer om barn og unge sine liv i svært mange år, dei fleste dagar i veka og dei fleste veker i året.

I følge ein analyse av eksisterande forskingsmateriale på forebygging.no, er svakt fagleg funderte og dårleg planlagde tiltak framheva som forklaringa på at ein ikkje oppnår positive effektar ved gjennomføring av ulike tiltak (forebygging.no). For å sikre god gjennomføring av førebyggjande tiltak i skulen bør særleg følgjande forhold takast omsyn til:

- **Kompetansebehov hos lærarane**
- **Fokus på kunnskapsbaserte tiltak**
- **Organisering og planlegging av førebyggjande arbeid i skole**

Alle skular har helsesøster tilknytt sin skule. Det er ulik oppfatning i ulike ungdomsgrupper om bruk av helsestasjon/skulehelsetenesta. Kartlegginga viser at få ungdommar sjølv tar initiativ til å gå til helsesøster med rusrelaterte spørsmål. Nokre få frå målgruppa veit ikkje om at helsesøster er tilknytt skulen. Dei fleste ville heller ikkje ha nytta seg av tilbodet til å drøfte rusproblematikk der, sjølv om dei veit om tilbodet. I følge Ungdata er det rundt 10% av elevane på både ungdomsskulen og vidaregåande som ikkje veit at det finns skulehelseteneste ved deira skule. Det er viktig for skulen å informere godt om at det finns og om kva problem ein kan oppsøkje skulehelsetenesta med. Dei fleste ungdommar vel å gå til venner med sine problem, og i andre rekke

ta det opp med foreldra. Ungdommar frå ungdomsmøta, som kjenner til helsesøstertilbodet, ynskjer auka helsesøsterdekning på vidaregåande skule.

Alle skular med unntak av ein har sosiallærer/ sosialrådgjevar. Den skulen som ikkje har sosiallærer har eit spesialpedagogisk team i staden. På sikt er det mål om at denne funksjonen får ein koordinator-funksjon som dekkjer alle desse tre områda: Sosial-

å opprette tiltaket igjen, men i kommuneplanen frå 2013 kan ein lesa at prosjektet skal vidareutviklast (kommuneplanen). NAV Bømlo har Ressurskoordinator for ungdom. Dette er ei teneste for ungdom frå 17 år og oppover. Det kan tyde på at få kjenner til denne tenesta eller ikkje tenker det som ei aktuell teneste for denne målgruppa, då denne tenesta ikkje blir nemnt i høve rus utfordringar hjå informantane. Av dei ungdommane i målgruppa som



Logo til fleire av dei tiltak, samhandlingsmodellar og førebyggingsprogramma Bømlo kommune har på plass.

saker og §9a, Spesialundervisning og særskilte behov, Heim-skule samarbeid og oppfølging. Fokus skal vera på elevane sin rett til eit godt læringsmiljø som fremjar helse og trivsel. Denne rolla vil og vera ein nøkkel-person når det gjeld skulen sitt samarbeid med andre tenester, og internt arbeid knytt til desse tre områda. Vedkommande vil vera ein tett samarbeidspartnar/ fagperson for skuleleiinga, for å sikra gode system på skulen for å ivareta elevane sine behov og rettar innanfor desse områda.

Bømlo kommune har valt å legge tiltak for særskilt oppfølging av rusavhengige til NAV. (kommuneplanen). I følge kommuneplanen er NAV bekymra for unge vaksne mellom 18 og 25 år som har droppa ut av skulen, då det tar lang tid før dei kjem til NAV, og då har utfordringane vakse seg store (kommuneplanen). Eit tiltak for denne gruppa har vore prosjektet «Saumlaus samhandling». Dette prosjektet er no avslutta og det er ikkje kjent om det er planar om

kjenner til denne type teneste frå NAV, vart den heller ikkje nemnt som ein ressurs. Her er det verdt å peike på Helsetilsynet si tilsynsmelding som kom ut august 2017, «Med lua i handa?». Denne viser at ungdommane i målgruppa for denne kartlegginga, ikkje får dei tenestene dei har krav på.

Eit satsingsområdet i kommunen for «tidleg innsats for barn og unge» er utvikling av tiltak for unge vaksne i risiko (12-23 år) (kommuneplan). Fråfall i vidaregåande opplæring har vist seg å være ein risikofaktor for å utvikle rusproblem. Derfor er det behov for å styrke tiltak som sikrar auka gjennomføring i vidaregåande opplæring. Regjeringa etablerte derfor i 2014 tilskotsordninga Oppfølgings- og los funksjon for ungdom, då dette har vist seg å ha god effekt. Gjennom LOS-ordninga skal ungdommane få ein person –ein los – å forhalda seg til og som sørger for tett oppfølging og bidrar til at ungdommane betre kan nyttiggjera seg tilbod som gis i skulen eller av andre tenester

(www.regjeringen.no). Bømlo kommune har fått prosjektmidlar over 3 år for å gi ungdom som treng det LOS tilbod. Denne stillinga er no fast implementert i Barne og Familietenesta. Sidan mai 2016 har det vore tilsett enno ein LOS i prosjektstilling i Barne og familietenesta på Bømlo, med kontrakt ut 2017. LOS-tilbodet er den eine av to pågåande innsatsar i kommunen som vart nemnt av informantane som ein resurs for målgruppa. Det er under Barne og Familietenesta skulehelsetenesta, jordmortenesta, psykolog og helsestasjon for barn og ungdom er organisert. Psykologen i tenesta jobbar ikkje lenger på individnivå, men på system. Den andre pågåande innsatsen i kommunen, som vart rapportert om i kartlegginga som ein ressurs som vart nytta, var OT/PPT.

Fleire av tenestene som jobbar med ungdom, melder at dei saknar eit tilbod til ungdom «etter stengetid» i kommunen. Dei tenkte då på offentlege tenester som er låg-terskel og tilgjengeleg for ungdommane, utekontakt blei nemnd som ei mogleg slik teneste.

I tillegg til dei kommunale tenestene, har Bømlo interkommunalt politi. Politiet bidrar til å avdekke kriminalitet, og bidrar til å kople på aktuelle oppfølgingstenester. Utover dette tilbyr politi bekymringssamtale og ruskontrakt til ungdom under 18 år som er tatt for brot på narkotikaloen, som eit alternativ til straffesaksjon. Bømlo har og eit interkommunalt barnevern, som dei deler med Stord og Fitjar der Stord er vertskommunen. I og med at Bømlo kommune ikkje har nokon som organiserer ruskontrakt, blir dette tilbodet kjøpt hjå Stord kommune og organisert av Utekontakten på Stord.

Effekten av ruskontrakt her til lands er sprikande. Det ser ut til at nokre ungdommar bruker ruskontrakt som argument/unnskyldning for å sei nei til rus (forebygging.no). I hovudtrekk ser det ut til at det er ungdommar i ein tidleg fase i ruskarrieren, med involverte foreldre og som har det relativt greitt elles i livet, som lykkast best undervegs i kontraktperioden. Motsett ser det ut til at ungdom med foreldre som har lågare sosio-økonomisk status i større grad får ruskontraktar som eit kontroll- og straffetiltak, framfor eit hjelpetiltak. I følge ein rapport frå KoRus Oslo og KoRus Øst, «Flinkiser og «dropouts»», har dei funne at ungdom med etablerte rusproblem ikkje bør få tilbod om ruskontrakt, men heller eit anna og tettare oppfølgingstilbod. Rapporten peikar på at det er manglande kunnskap om effekten av ruskontrakt, i tillegg til at det er manglande retningslinjer om korleis ein skal nytte dette tiltaket. Det dei peika

på som det mest positive med ruskontrakten, var oppfølginga som anten vart gjort av helsesøster eller utekontakt. Hovudkonklusjonen til KoRus Øst i denne rapporten er at dei meiner at dei ulike kommunane bør legge til rette for ruskontrakt for ungdommar som ynskjer det. Men dei meiner det er viktig at det er klare retningslinjer på korleis ein gjennomfører det og korleis ein følger opp ungdommane.

Barnevernet tilbyr mange tiltak retta mot mål-



Framsida på rapporten "Flinkisar og "dropouts" - erfaringer med ungdom på frvillig ruskontrakt" som vart gjeven ut av KoRus Øst i 2016

gruppa. Dei har blant anna rettleiing til foreldra, Multisystematisk terapi(MST), dei kartlegg rusmiddelbruk ved hjelp av EUROADAD karteleggingsverktøy, dei deltek i samarbeidsmøter/ansvarsgruppemøter og kan plassere ungdom med alvorleg og vedvarande rusproblematikk på institusjon inntil 1 år. Barnevern får ein del saker av politi, då politi har som rutine at dei melder alle rus-saker til barnevernet når det er barn under 18 år. Dei siste åra har det vert veldig få saker der ungdom har hatt rusutfordringar, men det siste året har dei fått inn 5-6 saker frå Bømlo der ein del av uroa er knytt til rusbruk.

Konfliktrådet har to tilbod til ungdom som har fått ein dom på seg, det er enten ved å gje dei ungdomsstraff for meir alvorlege lovbrott eller dei kan og gje ungdomsoppfølging for dei som har gjort seg skuldig i ein eller fleire straffbare handlingar, der ein vurderer at ungdomsoppfølging kan vere med på å førebygge at ungdommen gjer ytterlegare straffbare handlingar.

Rus og psykisk helse i Bømlo kommune tilbyr tenester for personar over 18 år. Dei tilbyr støttesamtalar, tett oppfølging og samarbeider med aktuelle samarbeidspartnarar for brukaren.

Vaksenopplæringa tilbyr oppfølgingssamtalar til elevane, hjelper dei med å komme i kontakt med aktuelle hjelpeinstansar og samarbeider med aktuelle samarbeidspartnarar rundt elevane.

Nøkkelinformantar, ungdomsmøtedeltakarar og pågåande innsats informantar ettespør meir førebyggjande innsats opp i mot rus. Nøkkelinformantar og ungdomsmøte informantar etterspør meir informasjon om eksisterande tenester i kommunen.

2.4 KORLEIS HANDTERER EIN UROSAKER?

Det er viktig å ha gode rutinar på plass for å følge opp unge som har eit gryande rusproblem. Fleire av tenestene i Bømlo kommune rapporterer om at dette manglar. Det har kome fram i kartlegginga at det finns klare rutinar internt hos dei ulike tenestene om korleis dei handterer saker der ein har uro for ein ungdom, men det blir rapportert om usikkerheit til korleis ein handterer ei urosak når uroa gjeld bruk av rusmiddel. Fleire nemner at sidan det er lenge sidan dei har hatt saker som angår rus har det derfor ikkje vore noko fokus på dei rutinane. Mange av dei pågåande tenester som vart intervjuar seier at dei ønskjer auka kunnskap om rus og om kva tilbod som blir gitt til ungdom som står i fare for å utvikle rusproblem.

Kartlegginga finn at det er fyrst og fremst politiet som blir kontakta når det er illegale rusmiddel involvert i ei urosak. Det er grunn til å spørje om ein ikkje bør ha på plass rutinar i kommunen, om korleis ein agerer dersom ein mistenkjer at unge rusar utan å gå rett til politi eller barnevern⁵. Her kan BTI-modellen hjelpe med å få på plass nye rutinar. Ut frå dei funna ein har gjort, ser ein at ein har personar med kompetanse i kommunen, men at dei ikkje blir nytta dersom ein er uroa for ungdom sin bruk av rus. Dei som sit på den beste kompetansen er NAV sine ruskonsulentar og dei jobbar berre med dei over 18 år. Dersom ungdom rusar seg så er det og viktig å spørje seg om kvifor dei rusar seg, og finne primærfordringa ungdommen har før ein berre agerer på det faktum at dei rusar seg. Då vil ein sikre at ungdommen får riktig oppfølging. Då vil politi og barnevern bli ein av dei moglege tenestene ein samhandlar med lengre ut i eit BTI-forløp.

Det er per dags dato 6 unge personar som er på ruskontrakt, som er ei teneste som Bømlo kommune kjøper frå Stord kommune. Dei kontraktane kom på plass då politiet spurte om det kunne løysast på denne måten, då dei hadde ungdommar som hadde samtykka i å skrive under på ei ruskontrakt. Dette blei gjort gjennom SLT-koordinator ut frå eit behov for oppfølging og ikkje fordi det er rutinar på plass for ei slik oppfølging.

Som ein del av at kommunen skal innføre samhandlingsmodellen BTI, vil alle rutinane om oppfølging av barn og unge det er knytt ei uro til bli gjennomgått. Dette vil vere ein gyllen anledning til å få på plass gode og fagleg grunna oppfølgingstiltak for ungdom som har eit gryande rusproblem. I BTI-modellen vil det og bli oppretta ein digital logg, som gjer at ein sikrar at barnet/ungdommen får rett oppfølging på dei utfordringane dei står ovanfor. Dette vil kunna føra til at kommunen sitt mål i kommuneplanen som seier at «Bømlo kommune skal tilby innbyggjarar som har behov for hjelp og bistand, individuelt tilpassa og koordinerte tenester med høg kvalitet og brukarmedverknad» (Kommuneplan for Bømlo kommune 2013-25) vert oppnådd.

Bømlo kommune er og ein «Tidleg inn» kommune, som er eit opplæringsprogram som vert gjennomført av KoRus, BUF-etat, RVTS og RKBU. Tidleg inn er eit tilbod om opplæring i gode verktøy og metodar innan tidleg intervensjon. Det blir gitt opplæring i konkrete verktøy og samtalemetodikk, og anbefalingar knytt til tverrsektoriell samhandling i oppfølginga. Bømlo er og med på ei satsing som heiter Motiverande Intervju (MI). MI er ein samtalemetode, som er anbefalt i ulike nasjonale rettleiarar og retningslinjer. Dette arbeidet blei starta våren 2017. Formålet med utviklingsarbeidet er å gje fagpersonar frå ulike tenester i kommunen eit strukturert og kvalitativt godt lærings- og treningsforløp, for å implementera MI som ein av fleire metodar i møte med brukarar. Implementeringsarbeidet er forankra i kommunen si leiing, og hos leiarane i dei enkelte tenestene. Som funn i denne kartlegginga har avdekkja, blir politiet og barnevernet ringt ganske raskt når ein finn ut at ungdom rusar seg. MI vil vere eit godt verktøy for å snakke med ungdommen for å kanskje finne ut kva primærfordringa til ungdommen er: «Kvifor rusar dei seg?». MI er eit verktøy som hjelper dei som blir intervjuar til å reflektere over eigen situasjon og å komme fram til sine utfordringar, i tillegg til å tenke ut moglege løysingar sjølv.

5 Dette gjeld sjølvstapt ikkje i saker der meldeplikta er utløynt

H A N D L I N G S P L A N

MÅL

Auka innsats i det rusoppfølgande arbeidet

TILTAK

- Etablere ei «Oppfølging» arbeidsgruppe som skal utarbeide tiltak og rutinar i rusoppfølgingsarbeidet i kommunen.
- Grappa blir satt ned og gitt mandat av kommunalsjefar i samråd med SLT-koordinator.
- Grappa blir og gitt ein framdriftsplan med kontrollpunkt

ANSVAR

Kommunalsjefar og SLT-koordinator

TIDSFRIST

Hausten 2018

ØKONOMI

Aktivitet i arbeidsgruppa vil skje innanfor eksisterande ressursar

H A N D L I N G S P L A N

MÅL

Kommunen har eit spissa og kunnskapsbasert førebyggjande arbeid inn mot ungdomsgruppa

TILTAK

- Etablere ei «Førebyggings» arbeidsgruppe til å evaluere eksisterande førebyggjande tiltak og vurdere nye.
- Gruppa blir satt ned og gitt mandat av kommunalsjefar i samråd med SLT-koordinator.
- Gruppa blir og gitt ein framdriftsplan med kontrollpunkt

ANSVAR

Kommunalsjefar og SLT-koordinator

TIDSFRIST

Hausten 2018

ØKONOMI

Aktivitet i arbeidsgruppa vil skje innanfor eksisterande ressursar

H A N D L I N G S P L A N

MÅL

Innbyggjarar og tilsette i kommunen har kunnskap om tilgjengelege tenestetilbod

TILTAK

1. Kontinuerleg informere om kva tilbod som er tilgjengeleg gjennom dei kanalar ein nyttar allereie
 - Skulehelsa sitt møte med elevar
 - Foreldremøter
 - Nettsider (legge inn spesifikt rus som oppfølgingstilbod)
2. Sjå på dei kanalar ein nyttar, kva som nyttar og om ein må tenkje ein ny kommunikasjonsstrategi (Sosiale medier, «helsesista'» etc.)
3. Finne ut korleis dei ulike tenestene kan jobbe spesifikt med ungdom(og føresette) som har rusutfordringar – Må sjåast i samanheng med BTI arbeidet - Her bør ein nytte kompetansen i vaksentenestane inn i arbeidet med ungdom
4. Utarbeide rutinar som skal inn i BTI-handlingsrettleiaren knytt opp til rus

ANSVAR

SLT-koordinator, kommunalsjefar, rådgjevarar og einingsleiarar

TIDSFRIST

Hausten 2018

ØKONOMI

Alt dette vil skje innanfor eksisterande ressursar

H A N D L I N G S P L A N

MÅL

Innbyggjarar og tilsette i kommunen har kunnskap om rus og effekt av rusbruk

TILTAK

1. Nytte oss av den eksisterande kompetansen i kommunen og dei regionale kompetansesentera for å auke kunnskap om rus og konsekvensar av rus
2. Nytte foreldremøter, skulebesøk og møter med tilsette til å spreie kunnskapen. I tillegg opprette kontakt med frivillige organisasjonar for å informere og samarbeide med dei. Her kan ein nytte det medlemskapet ein har i AV-OG-TIL til å hjelpe med informasjonsarbeidet, spesielt knytt opp mot alkohol

ANSVAR

SLT-koordinator, kommunalsjefar, skuleleiing og skulehelsetenesta

TIDSFRIST

Bli satt opp ein plan om korleis dette skal skje innan hausten 2018

ØKONOMI

Alt dette vil skje innanfor eksisterande ressursar

FOREBYGGING.NO

«Tidlig debut av rusbruk, rusproblemer og mental helse hos ungdom»:

<http://www.forebygging.no/Artikler/2014-2012/Tidlig-debut-av-rusbruk-rusproblemer-og-mental-helse-hos-ungdom/>

«Flinkiser og Dropouts – erfaringer med ungdom på frivillig ruskontrakt»:

<http://www.forebygging.no/Rapporter-og-undersokelser/Temarapporter/2015-2013/Flinkiser-og-dropouts-Erfaringer-med-ungdom-pa-frivillig-ruskontrakt/>

«Frafall fra videregående øker risiko for trygd»

<http://www.forebygging.no/Nyheter/2013/Frafall-fra-videregaende-oket-risiko-for-trygd/>

«7 forutsetninger for god gjennomføring av locale tiltak I skolen»:

<http://www.forebygging.no/Kunnskapsoppsummeringer/2006---2015/Lokal-skolestrategi-for-rusforebygging-og-helsefremmende-arbeid/7-Forutsetninger-for-god-gjennomforing-av-tiltak-i-skolen/>

«Helhetlig plan for skolens forebyggende tiltak»:

<http://www.forebygging.no/Kunnskapsoppsummeringer/2006---2015/Lokal-skolestrategi-for-rusforebygging-og-helsefremmende-arbeid/6c-Helhetlig-plan-for-skolens-forebyggende-tiltak/>

«Problematferd I et relasjonelt perspektiv»:

<http://www.forebygging.no/Artikler/2014-2012/Problematferd-i-et-relasjonelt-perspektiv/>

FORSKNING.NO

«Stadig fleire tilbyr cannabis»:

<http://forskning.no/alkohol-og-narkotika-samfunn/2015/02/kvinner-over-50-er-mest-redd-cannabis>

«Dette skjer hvis du røyker hasj ofte»:

<http://forskning.no/helse-alkohol-og-narkotika-menneskekroppen-hjernen-sykdommer/2015/06/dansk-rapport-dette-er>

«Meir videregående gir mindre kriminalitet»:

<https://forskning.no/arbeid-barn-og-ungdom-kriminalitet-skole-og-utdanning/2014/05/mer-videregaende-gir-mindre>

FOLKEHELSEINSTITUTTET - FHI.NO

«Rusmidler i Norge 2016»:

https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/rusmidler_i_norge_2016.pdf

og

<https://www.fhi.no/nyheter/2017/ny-oversikt-over-nordmenns-bruk-av-rusmidler/>

«Rusmidler i Norge 2015»:

https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/rusmidler_i_norge-2015-rev.pdf

Sirus-rapport 7 2015 – «Narkotikamarkedet på det mørke nettet - En kvalitativ studie av Silk Road 2.0»:

<https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/sirusrap.7.15.pdf>

ROP.NO

Nasjonalt kompetansesenter for samtidig rusmisbruk og psykisk lidelse (rop.no) – «Ruser seg på andres piller» av Sissel Drag:

<http://rop.no/artikler/ruser-seg-paa-andres-piller>

B I B L I O G R A F I

KORUS

Kompetansesenteret rus – Region vest Bergen (KoRus Vest) og Stiftelsen Bergensklinikkene
«Føre Var rapporten 2-2016»:

<https://bergensklinikkene.com/2016/12/08/ny-fore-var-rapport-rustrende:r-i-bergen-nr-22016/>

KoRus Oslo og KoRus Øst:

«Innvandrerungdoms bruk av rusmidler - En kunnskapsoversikt» Av Bjørnar Bergengen og Yvonne Larsen:

<https://www.korusoslo.no/wp-content/uploads/rapport-m-forside-migrasjon-og-rus.pdf>

«Flinkiser og «dropouts» - Erfaringer med ungdom på frivillig ruskontrakt» av Marianne Inez Lien og Yvonne Larsen:

http://www.rus-ost.no/uploads/_PUB_Flinkiser_og_dropouts__orig.pdf

HKH-RAPPORTAR

«Bruk av cannabis blant ungdom og unge voksne i alderen 16-23 år i Stord kommune»:

<http://www.stord.kommune.no/Documents/utekontakten/cannabisrapport.pdf?epslanguage=no>

Bergen Kommune «Kartleggingsrapport av et ungdomsmiljø i Loddefjord»

https://www.bergen.kommune.no/bk/multimedia/archive/00164/Kartlegging_av_ungd_164818a.pdf

REGJERINGEN.NO

«Opptappingsplanen for rusfeltet 2016-2020»:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/1ab211f350b34eac926861b68b6498a1/no/pdfs/prp201520160015000dddpdfs.pdf>

HELSEDIREKTORATET.NO

«Tidlig intervensjon på rusfeltet»:

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/fra-bekymring-til-handling-en-veileder-om-tidlig-intervensjon-pa-rusområdet>

UDIR.NO

Utdanningsdirektoratet og Sosial og Helsedirektoratet:

«Forebyggende innsatser i skolen - Rapport fra forskergrupper oppnevnt av Utdanningsdirektoratet og Sosial- og helsedirektoratet om problematferd, rusforebyggende arbeid, læreren som leder og implementeringsstrategier»:

https://www.udir.no/Upload/Rapporter/forebyggende_innsatser/5/Forebyggende_innsatser_fo-rord_innledning_avslutning.pdf?epslanguage=no

BUFDIR.NO

https://www.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Oppvekst/Helse/Rusmidler_og_tobakk/

PROBA.NO

Proba samfunnsanalyse

«Evaluering av MOT i ungdomsskolen»:

<http://proba.no/app/uploads/sites/4/rapport-2010-05-evaluering-av-mot-i-ungdomsskolen.pdf>

B I B L I O G R A F I

BOMLO.KOMMUNE.NO

Ungdatatal:

<https://www.bomlo.kommune.no/artikkel.aspx?MId1=11925&AId=15928>

Kommuneplanen – Samfunnsdelen:

<https://www.bomlo.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=11647&FilId=3837>

WIKIPEDIA.ORG

«History of alcoholic drinks»:

https://en.wikipedia.org/wiki/History_of_alcoholic_drinks

AV•OG•TIL

«De økonomiske kostnadene av nordmenns alkoholbruk»:

<https://avogtil.no/fakta/de-okonomiske-kostnadene-av-nordmenns-alkoholbruk-2/>

HELSETILSYNET

«Med Lua i hånda - RAPPORT FRA HELSETILSYNET 3/2017»:

https://www.helsetilsynet.no/upload/Publikasjoner/rapporter2017/helsetilsynetrapport3_2017.pdf

UTEKONTAKTEN BERGEN KOMMUNE

«HVA KJENNETEGNER UNGDOM MED MINORITETSBAKGRUNN SOM OPPHOLDER SEG PÅ UTEKONTAKTENS ARENAER? - En kartleggingsrapport om ungdommenes helse, fritid og skolehverdag» av Roy Juvik:

https://www.bergen.kommune.no/bk/multimedia/archive/00137/Rapport_fra_Utekont_137646a.pdf

BØMLO-NYTT

«Nye distribusjonskanalar gjer narko etterforskinga vanskelegare»:

<http://www.bomlo-nytt.no/nyhende/nye-distribusjonskanalar-gjer-narko-etterforskinga-vanskelegare-1.1752918>

EMCDDA

Europeisk overvåkingscenter for narkotika og narkotikamisbruk (EMCDDA)- Europeisk narkotika rapport - Trender og utviklinger 2016:

http://www.emcdda.europa.eu/publications/edr/trends-developments/2016_en

B I B L I O G R A F I

LITTERATUR

United Nations Center for Drug Control;

«Sport: Using Sport for Drug Abuse Prevention»:

https://books.google.no/books?id=r_Okk40uq1EC&pg=PA5&lpg=PA5&dq=anders+minken+evidens&source=bl&ots=LhuJfc0jHW&sig=_6-SIXN-lz_SumAi5Eo098AOuZQ&hl=no&sa=X&ved=0ahUKEwili5OthtfWAhXoA5oKHY8xAi0Q6AEIUTAJ#v=onepage&q=anders%20minken%20evidens&f=false

Tilgjengelighetsteorien (Schaffer & Huang 1975);

«terskel, kø og skranke»

http://nordliensalg.com/?page_id=642

Alvarado, R. & Kumpfer, K. (2003);

«Family- Strengthening Approaches for the Prevention and Youth Problem Behaviors. American Psychologists. Vol. 58.»

Pedersen, Willy, Ungdom, livsstil og rusmidler (prosjekt);

«Bittersøtt : ungdom, sosialisering, rusmidler»

Oslo : Universitetsforl., 1998

Berg, Else Kristin Utne og Flesland, Liv (2014);

«Hurtig kartlegging og handling - manual »

Kompetansesenter rus - Region Vest Bergen ved stiftelsen Bergensklinikkene

